

KLAGERETT - MATRIKKELOVEN § 46 (punkt f)

Den som er part eller har rettsleg klageintresse, har rett til å klage over avgjerd/vedtaket.
Klagen kan rettast til **Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø**.

Når det gjelder adressetildeling, er det berre tildeling av adresse til den enkelte eigedom som kan pålagast dvs. sjølve nummertildelingen eller avgjerd om kva gate/veg eigedomen skal ha adresse til.

Kragefrist Fvl §§ 29, 30, 31

Kragefristen er tre – 3 – veker frå den dag underretninga om vedtaket kom fram til vedkommande part. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan utløp av fristen. Dersom klagen er sett fram etter utløp av fristen, vert klagen avvist. Klagen kan likevel handsamast når det ligg føre særlege grunnar, som tilseier at klagen vert prøvd. Det må derfor opplystsast om årsaka til forsinkinga. Ein klage som er avgjort av Fylkesmannen, kan ikkje pålagast vidare.

Rett til å krevje grunngjeving Fvl §§ 24 og 25

Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeve, kan det settast fram krav om det. Slikt krav må framsettast innan utløp av klagefristen. Klagefristen vert i så fall avbrote, og ny frist vert rekna frå den dag grunngjevinga er komen fram til klagar.

Klagen sitt innhald Fyl § 32

Klagar må visa til vedtaket som det ver klagar på og kva som ønskja endra. Den må grunngjevast og vise til dei momenta som kan vere relevante for vurderinga av saken.

Klagan må underteiknast av klagar eller den som han gir fullmakt til.

Utsetjing av gjennomføring av vedtaket Fvl §§ 31 og 42

Sjølv om partane har klagerett, kan vedtaket vanlegvis gjennomførast straks. Det er gjeve åtgang til å søkje om utsett iverksetting av vedtaket, inntil klagefristen er gått ut eller klagen er avgjort. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til krav om utsett iverksetting.

Rett til å sjå dokumenta i saka og krevje rettleiing Fvl § 11

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Ved eit slikt ynskje kan Lindås Kommune, Areal og miljøavdelinga, Kvernhusmyrane 20, kontaktast. Der vil ein også kunne få nærmere rettleiing om muligkeit til å klage og informasjon om den vidare sakshandsaminga.

Kostnader ved klagan Fyl § 36

Det kan søkjast om å få dekka utgifter til nødvendig advokathjelp. Her gjeld visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannen sitt kontor eller advokat kan gi nærmere rettleiing. Det er også muligkeit til å krevja dekning for vesentlege kostnader i samanheng med klagesaka, til dømes advokatbistand. Dette føreset vanlegvis at underinstansen har gjort ein sakshandsamingsfeil som fører til endring av vedtaket. Klageinstansen vil kunne orientere om retten til å krevje slik dekning.